

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 23.12.2015
Vår ref.: 2014/19439-67
Saksbehandlar: arnasan
Dykkar ref.:

Tannhelsetenesta i Hordaland - klinikkstrukturplan 2015 - 2030

Fylkestannlegen i Hordaland har utarbeidd ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Planen har vore på høyring til alle kommunar og aktuelle organisasjonar.

Målet er at klinikkstrukturplanen skal bli politisk handsama i fylkestinget i mars 2016. Før den tid vil fylkestannlegen tilby eit orienterings- og drøftingsmøte til alle kommunar der det er forslag om endringar i klinikkstruktur og tenestetilbod.

På grunn av forslag til løysing på framtidig tenestetilbod i Meland kommune finn fylkestannlegen det naturleg å invitere Meland kommune til eit orienterings- og drøftingsmøte **torsdag 21. januar 2016 kl 0830 – 1000 på fylkestannlegen sitt kontor i fylkesbygget 5. etasje – Agnes Mowinckels gt 5, Bergen.**

Temaet er tannhelsetenesta i Hordaland sitt framtidige tilbod i Meland kommune.

Fylkestannlegen ser for seg at Meland kommune kan delta med inntil 2 representantar. Frå tannhelsetenesta i Hordaland deltek overtannlege i Nord tannhelsedistrikt Stein Moe, seniorrådgjevar Torunn Gaarden og fylkestannlegen i Hordaland.

Ved spørsmål, eller for tilbakemelding om deltaking på møtet, kan fylkestannlegen kontaktast på e-post: arne.asan@hfk.no – eller på telefon 416 67 867.

Vel møtt!

Arne Åsan
fylkestannlege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.